

På skiskule med Emil Hegle Svendsen og framtidige stjerner

30.06.2012



Fem fornøgde skiungdommar etter ei begivenhetsrik veke.

Onsdag kveld kom 5 spreke idrettsungdommar frå Uskedalen heim att til bygda etter ei svært inspirerande og lærerik, utviklende og kjekk veke. Dei hadde då delteke på Norges Skiforbund sin populære sommarskiskule på Dalseter Høgfjellshotell ved inngangen til Jotunheimen. Gjennom veka hadde dei trent under særskilt dyktige trenarar, og dei hadde knyttta nye og verdfulle kontaktar.

Denne sommarskiskulen er svært populær, og den vart fullteikna med det same det vart opna for påmelding i januar. Kvaliteten på heile opplegget er grunnen til dette. Dei 5 uskedelingane som var så heldige å få vera med på dette var Johannes Haugland, Solveig Haugland, Veslemøy Haugland, Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland.

Uskedalen.no tok ein prat med denne flotte idrettsgjengen for å høre korleis dei hadde hatt det. Det var heilt klart at samtlege var kjempefornøgd med opplegget. Veka hadde svara til dei store forventningane dei hadde på førehand og meir til!!

Dei fortel at deltakarane vart delt i 12 ulike grupper, og dei møtte ungdommar som satsar hardt og seriøst på sporten sin. Ikkje overraskande var dei fleste frå Austlandet og Trøndelag. - Vi var faktisk dei einaste frå Hordaland på samlinga, fortel dei.



Søstrene Veslemøy og Solveig Haugland i Alpina/Rottefella Hill Climb terrengrøp(Foto: privat)

Og det var som venta ingen kvileheim!! Her var det knallharde treningsøkter! Dei eldste hadde stort sett to tre-timarsøkter kvar dag, medan dei yngste hadde 4 litt kortare økter. Her vart det trent både intervall, styrke, spenst, kondisjon, hurtighet, teambuilding osv, osv... Rulleski og terrengsykkel var sjølvsgart brukt, og det var stor variasjon i øvingane som vart gjennomgått.
 - Det var utrulig inspirerande og lærerikt! Det var fantastisk dyktige trenarar! - Ja, kven hadde de som trenarar??
 - Den kjende landslagstrenaren Sindre Bergan var ansvarleg for opplegget. Elles hadde vi Rekrutlandsdragstrenar Sjur Ole Svarstad, og vi merka veldig godt at han var ein kapasitet, kan dei fortelja. Elles fortel dei og at dei hadde mange unge framadstormande skiløparar. Marit Eide er ei av coming stjernene på det gode kvinnlandsLAGet, og ho har allereie gode World Cup-plasseringar å visa til. Sindre Bjørnstad Skar og Torjus Børshheim er og begge på full fart inn i den absolutte norgeseliten for å nemme to av dei. I tillegg fekk

dei oppleve mange unge og inspirerande trenarar med kjende namn for oss som likar å følgja med på langrennssporten.

- Men den største stjerna som var der har de ikkje nemnt enno?
- Nei, det var jo utvilsomt skiskyttaren Emil Hegle Svendsen. Det var kjempekjekt å treffa han, og det var veldig intressant å høyra dei erfaringar han hadde gjort seg, og korleis han hadde trent då han var på vår alder. Veldig lærerikt!

Innimellan all trening var det og sosial aktivitet i rikeleg monn. Det var mange artige leikar, og det var konkuransar av ulikt slag. Det vart mellom anna arrangert 100 m rulleskisprint, 800m motbakkeløp og 40m sprint for å nemna noko. På nokre av øvelsane var det innlagt hindringar som til dømes vassdusjing.

I desse konkuransane vanka det og flotte premiar som var gjevne av sponsorar.

- Korleis hevda de uskedelingane dåke i dette knallharde selskapet då?
- Det gjekk bra. Vi var omtent midt på treet og det er vi veldig godt fornøgde med. Vi hang godt med, og det var ganske jamnt. I rulleskisprinten var det til dømes berre få sekund som skilde vinnar og sistemann. Det var veldig inspirerande med så gode konkurrentar.
- Ja, dei som hadde bursdag fekk og premie, fortel to av dei yngste, og understrekar dermed viktigheten av det sosiale fellesskapet. I tillegg var alle 5 like godt fornøgd med maten som dei var med opplegget elles. Det fortel tydeleg om ei fullkommen veke på alle måtar!!

Av: Thor Inge Døssland



Gruppe 2 på fjelltur. Solveig og Veslemøy til høgre(Foto: privat)